



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/356 - 19/19189

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
19.06.2019

## Oversender søknad om dispensasjon for oppføring av ny einebustad med sokkelleilegheit til uttale - gbnr 38/28 Hodne

Tiltak: riving og nybygg  
Byggjestad: Gbnr: 38/28  
Tiltakshavar: Asle Øvstedal  
Ansvarleg søkjar: Takstingeniør Byggmester Jan Frode Larsen AS

Innleiingsvis vert det presisert at eksisterande horisontal delt 2 mannsbustad, forutan underetasjen, samt eksisterande garasje/lagerbygg skal rivast – gbnr 38/28. Eksisterande gammalt kårhus og låvebygning skal ikkje rivast.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for å føre opp ny einebustad med sokkelleilegheit med rehabilitering/oppgradering av eksisterande underetasje til revet 2-mannsbustad samt terrenginngrep for omlegging av tilkomstveg. Dispensasjonen er grunngeven i økonomi.

Samla BYA er opplyst å vere 585m<sup>2</sup> og BRA er opplyst å vere 521m<sup>2</sup>. Bustaddelen utgjer ca. 445m<sup>2</sup> BRA. Garasje og verkstad er opplyst å vere ca. 93m<sup>2</sup> BRA. Verkstad er av privat art.


### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 er definert som bustad. Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20% BYA.


Eigedomen er opplyst å vere ein tidlegare landbrukseigedom.




Utsnitt KPA



Utsnitt grunnkart



Utsnitt situasjonskart, d 16.05.19



### Tilkomst

Tilkomst til egedomen må skje via fylkesveg 397, Hodne. Situasjonsplan viser korleis omlegging av privat veg er planlagt løyst.

### Statens vegvesen – Veglova

Det ikkje lagt ved dokumentasjon på avkøyringsløyve for eksisterande 2-mannsbustad på gbnr 38/28. Det vert opplyst at den nye einebustaden med sokkelleilegheit ikkje vil gi endra eller økt bruk av eksisterande avkøyrsløse i forhold til den eldre 2-mannsbustad som er etablert på egedomen.

Administrasjonen ønskjer ein tilbakemelding frå Statens Vegvesen om eksisterande 2-mannsbustad har avkøyringsløyve eller om det må søkjast nytt avkøyringsløyve for ny einebustad med sokkelleilegheit.

### Vatn og avløp

Det er kommunalt vatn- og avløp i området. Teknisk drift VA har i e e-post av 15.05.2019 stadfesta at det er tilstrekkeleg kapasitet på kommunalt vatn- og avløpsnett.

### Andre høve

Det er gjeve fritak for nabovarsling av dispensasjonen då naboar/gjenbuarar er gjort med tiltaket i nabovarslinga av byggesaken.

### Frist – Fylkesmannen i Vestland

Vi viser til skriv frå Fylkesmannen i Vestland, datert 09.05.2019, der Fylkesmannen ber om få utvida uttalefristen med minst 4 veker for saker som vert sendt i perioden 17.06.2019-18.08.2019. Kommunen imøtekømmar oppmodinga frå Fylkesmannen.

Frist for uttale frå Fylkesmannen i Vestland er 8 (4+4) veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

I vår sak vert frist for Fylkesmannen i Vestland sett til 08.08.2019. Administrasjonen gjer Fylkesmannen merksam på at vi positiv til tiltaket. Etter gjeldande delegeringsreglement i kommunen kan vi fatte vedtak administrativt. Vi ber om hurtig tilbakemelding dersom Fylkesmannen i Vestland er negativ til tiltaket.

### Frist – Statens Vegvesen

Vi viser til skriv frå Statens Vegvesen, datert 13.06.2019, der Statens Vegvesen informerer om dei treng utvida tid til å uttale seg i saker etter plan- og bygningslova og veglova fom. juni tom. august. Kommunen forhold seg til Statens Vegvesen si utvida sakshandsamingstid.

Frist for uttale frå Statens Vegvesen 4 veker med tillegg av utvida tid i perioden juni-august frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Vi ber om hurtig tilbakemelding frå Statens Vegvesen om ny einebustad med sokkelleilegheit krev nytt avkøyringsløyve slik at tiltakshavar kan søkje om dette .

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Svar - Nabovarsel - Riving og nybygg - Fv. 397 - gbnr 38/28 Hodne – Mykingvegen

Svar - Nabovarsel - Riving og nybygg - Fv. 397 - gbnr 38/28 Hodne – Mykingvegen

Søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn - gbnr 38/28 Hodne

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Nabovarsel mm

Situasjonsplan

Teikningar

Teikningar fasade A og B

Følgeskriv

Gjennomføringsplan og erklæring ansvarsrett

Tilbakemelding frå teknisk drift VA - gbnr 38/28 Hodne

Mottatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 38/28 Hodne

Behov for tilleggsdokumentasjon gnr. 38 bnr. 28, Myking Lindås kommune

Avfallsplan versjon 1

Grunnkart matrikkel - gbnr 38\_28

kommuneplankart oversikt - gbnr 38\_28

Kommuneplankart - gbnr 38\_28

Ortofoto 2018 - gbnr 38\_28

**Kopi til:**

Asle Øvstedal	Mykingvegen 1169	5957	MYKING
Takstingeniør Byggmester Jan Frode Larsen AS	Østre	5221	NESTTUN
Larsen AS	Nesttunvegen 16		
Takstingeniør Byggmester Jan Frode Larsen AS	Østre	5221	NESTTUN
Larsen AS	Nesttunvegen 16		

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Leikanger Kontorsted			